Møte for lukkede dører
fredag den 14. desember 1951 kl. 18.

President: Johan Wiik.

Presidenten: Presidenten foreslår at møtet holdes for lukkede dører - og anser det som bifalt.

Videre foreslår presidenten, at Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer samt tolldirektør Dannevig og byråsjef Ludvigsen gis adgang til møtet - og anser det som bifalt.

Til behandling forelå

Innstilling fra finans- og tollkomiteen om midlertidig forhøyelse av visse tollsatser (innst. S. 345).

Støtvig: Etter reglementets § 28 skal en komiteinnstilling først behandles 2 dager etter at den er utlagt. Personlig fikk jeg foreliggende innstilling i går ved 15-tiden, og når man tar i betraktning at møtet i Lagtinget ikke var ferdig før kl. 22 i går kveld, og at vi begynte i dag kl. 9, er det lett å regne ut hvor meget tid vi har hatt til rådighet til å sette oss inn i innstillingen. Det må også tas i betraktning at vi fikk proposisjonen sammen med innstillingen, så vi har ikke hatt den ringeste anledning til å sette oss inn i saken. Det gjelder en meget betydningsfull sak som vi burde hatt tid til å sette oss inn i, dette så meget mer som departementet selv har vært i sterk tvil om hva som er riktig å foreslå. Jeg skal sitere noen avsnitt fra proposisjonen:

> «De norske Tekstilfabrikkers Hovedforening har som nevnt i sitt forannevnte brev av 4. mai 1951 foreslått at en går over til de maksimale verditollsatser som en har adgang til å anvende, og har samtidig brakt i forslag verditollsatser av liknende størrelse også for en del andre viktige tekstilvarer, for hvilke tollsatsene ikke er bundet ved avtaler med andre land.»

Og videre:

> «Departementets vedkommende har hatt en del konferanser med representanter for tekstil- og konfeksjonsindustrien for i løpet av den forholdsvis korte tid som har stått til disposisjon, å søke å gjøre seg opp en mening om rimeligheten av de satser industrien har bedt om.»

Så har departementet forelagt spørsmålet for Norges Handelsstands Forbund, og Handelsstandsforbundet har igjen forelagt dette for Manufakturgrossistenes Landsforening og Manufakturkjøpmennenes Landsforening, og så sier departementet:

> «Begge foreninger finner at produsentene i sine forslag er gått for langt, og at det er grunn til å foreta betydelige reduksjoner. Uttalelsene er

imidlertid kommet departementet ihende på et så sent tidspunkt at en har vært avskåret fra å gå grundigere inn på de forhold som er omhandlet.»

Så står det videre:

«Departementet er i sitt utkast blitt stående ved satser som for de viktigere varer gjennomgående er noe lavere enn foreslått av Tekstilfabrikkenes Hovedforening, og som er vesentlig lavere enn de konfeksjonsindustrien mener den trenger for sine produkter. Ved fikseringen av satsene i departementets forslag er det i noen utstrekning tatt hensyn til tollsatsene for vedkommende varer i andre land og til de norske tollsatsers insidens» - insidens er et nytt ord - «i 1938. Det må dog innrømmes at det materiale en har hatt til rådighet, har vært mangelfullt, og at en har vært i sterk tvil om hva det er riktig å foreslå som satser for disse varer.»

Vi har ikke hatt anledning til å se Tekstilfabrikantenes Hovedforenings begrunnelse for de satser som denne forening foreslår. Vi har heller ikke sett de innvendinger som er sendt departementet fra Norges Handelsstands Forbund. På bakgrunn av dette har jeg svært vanskelig for å stemme for foreliggende innstilling, og med mindre jeg får en uttrykkelig erklæring om at denne sak kommer tilbake til Stortinget til fornyet behandling i den nærmeste framtid, kan jeg ikke gjøre det.

Presidenten: Hr. Vatnaland har forlangt ordet til forretningsordenen.

Vatnaland: Hr. Støtvig nemnde § 28 i reglementet om at ei sak som har vori handsama i komiteen og kjem tilbake til Stortinget, bør liggja ute i 2 døger. Eg er fullt klår over at Stortinget med vanleg fleirtal kan gjera vedtak om at ho skal handsamast før. Men her er det ikkje tilfellet med berre tilrådinga.

Eg er i same stode som hr. Støtvig. Medan eg satt i Lagtinget, som tok til kl. 18 i går kveld, fekk eg utlevert desse løynlege dokumenta som vedrører denne saka. Det var ikkje berre tilrådinga, men også proposisjonen. Eg meiner det er ikkje tilrådeleg i ei så viktig sak som dette er, at ikkje medlemene eingong skal ha høve til å setja seg inn i proposisjonen før eit døger innan saka skal handsamast og samstundes med at tilrådinga frå nemnda ligg føre.

Det er også andre sider ved saka som eg meiner talar for at ho bør stå ut, men det skal eg ikkje koma inn på no. Dette er berre ein merknad til dagsordenen.

Eg meiner at Stortinget her bør visa såpass skjønsemd mot representantane at det gjev dei rimeleg tid til å setja seg inn i saker av slikt omfang som dette er. Slik som dette ligg føre, når ein så seint får dokumenta, jamvel proposisjonen, til ei så viktig sak som tollsatsane, som grip inn på område som få her på kort tid kan ha noko oversyn

over, meiner eg det er utilrådeleg å handsama saka. Eg meiner difor at ho bør stå ut.

Lyng: I et lukket møte, og når vi er for oss selv, må det være tillatt å si at dette ligger hinsides alt som har med forsvarlig saksbehandling å gjøre. Her har det ikke en gang vært en teoretisk mulighet for representantene til å gjøre seg kjent med saksdokumentene og sette seg inn i hva saken gjelder. Jeg tilhører Odelstinget, og har altså hatt noen timer til å se på dette. Det har ikke Lagtingets medlemmer, og jeg synes ikke man kan leke blindebukk med endel av Stortingets medlemmer i så viktige saker som dette. Selv om jeg personlig kunne være forberedt på å ta et standpunkt her, føler jeg meg ubetinget forpliktet til å støtte hr. Vatnaland hvis det fra noe hold blandt stortingsmennene kommer protest mot at saken behandles.

Statsråd Bratteli: Jeg er dessverre nødt til å be meget bestemt om at Stortinget behandler denne sak før det går fra hverandre. En utførligere begrunnelse for det ville bringe meg inn på å behandle hele saken, og det kan jeg ikke gjøre på det nuværende tidspunkt, men jeg vil gjerne si at når det gjelder organisasjonene for de to grupper som her er nærmest interessert, nemlig manufakturimportørene og de norske manufakturfabrikantene, har departementet hatt kontakt med representanter for disse organisasjoner under forarbeidet med den foreliggende proposisjon. Jeg kan bekrefte det hr. Støtvig spurte spesielt om, at det er hensikten, samtidig med at disse midlertidige forhøyelser eventuelt settes i verk, å nedsette en komite, hvor de forskjellige interesserte er representert, til umiddelbart å gå i gang med en nøyere prøving av de deler av tolltariffen som skal under revisjon - også de tariffsatser som foreligger til behandling her i dag. Det er min forutsetning at denne komite først bør ta seg av tekstilsektoren, hvor Stortinget i dag blir innbudt til å vedta verditollsatser som i tilfelle skal gjelde inntil en, etter en gjennomarbeidelse av dem i en slik komite, kan legge saken frem igjen for Stortinget, i alle tilfelle i første halvår - håper jeg - av 1952.

Selv om det ikke hadde skjedd noe ekstraordinært i samband med denne sak, hadde jeg vært nødt til - på grunn av begrunnelsen for at saken er fremmet - å be om at saken ble avgjort før Stortinget går fra hverandre før nyttår. Men det som gjør det spesielt presserende, er det helt usedvanlige, jeg holdt på å si nesten usannsynlige, diskresjonsbrudd som er begått i samband med denne sak, og som har gjort at det er offentliggjort både i presse og kringkasting at tollforhøyelser vil komme. Derfor vil det etter min oppfatning være ganske uforsvarlig å utsette et vedtak her som skal gjelde inntil videre. Det vil være uforsvarlig å utsette det hvis en fastholder forutsetningen, som er noe av begrunnelsen for proposisjonen, at det for visse varers

vedkommende skal skje en betydelig utvidelse av frilistene allerede fra 1. januar.

Når det gjelder det rent reglementsmessige spørsmål som er reist her, er det ikke min sak å gå inn på det. Jeg beklager for så vidt at det ikke har vært mulig for stortingsmennene å få de to døgn som er vanlige ved den slags saker - i alminnelighet har en ikke hatt stort mer når det gjelder hemmelige saker - til å sette seg inn i dette, men jeg tror sakens behandling kommer til å vise at det som foreligger her i dag, allikevel er såpass enkelt og oversiktlig at selve stortingsbehandlingen vil kunne gi en tilstrekkelig klarlegging av det forslag til et foreløpig vedtak som her foreligger.

Hognestad (komiteens ordfører): Jeg kan i ett og alt slutte meg til det finansministeren har sagt. Jeg tror det ville være meget uheldig og uforsvarlig av Stortinget, særlig etter at det er blitt kjent gjennom avisene at det er på trappene en tollforhøyelse, å utsette det til over nyttår, og jeg synes ikke det er noen hjelp i å utsette den til i morgen tidlig heller. Det kan en selvsagt, men da må en lese saken mens debatten her pågår. Det er jo vanlig - det har vært det i den tid jeg har vært i Stortinget - at når det gjelder forandringer i tolltariffen, er det bare finanskomiteens medlemmer som får proposisjonen. Proposisjonen følger tilrådinga når den blir levert til de øvrige medlemmer, fordi det dessverre tidligere har vist seg at noe av innholdet er lekket ut. Nå er det en kjensgjerning at denne gang har ikke finanskomiteen eller Stortingets medlemmer noe med diskresjonsbruddet. Det er konstatert. Jeg må iallfall tilrå at reglementet fravikes. Vi kan det. Reglementet sier at Stortingets medlemmer kan vedta at en fraviker den vanlige frist, og jeg tror det bør gjøres i dette tilfelle. Det vil være meget større skade forbundet med å utsette saken enn med å behandle den med så kort varsel. Vi har tatt det forbehold i komiteen at vi skal stå fritt ved alle tollsatser når de kommer opp igjen til våren, og med det forbehold mener vi at vi har dekning.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at taletiden når det gjelder forretningsordenen, begrenses til 2 minutter for de talere som heretter tegner seg. - Det ansees som bifalt.

Berthelsen: Jeg forstår helt ut den reaksjon som denne sak har vakt hos både hr. Støtvig og hr. Vatnaland. Jeg er ganske enig i at det er en uforsvarlig kort frist eller mangel på frist representantene har fått til å sette seg inn i denne sak. Jeg vil si at selv om jeg skulle forutsettes å være noe av en fagmann på dette område, har jeg heller ikke kunnet vurdere dette som jeg mener det burde vurderes, til tross for at jeg naturligvis kjenner satsene i dag, de foreslåtte satser som kommer, langt bedre enn de fleste her. Men som forholdene ligger an, og på bakgrunn av hva

finansministeren har sagt, og også på bakgrunn av at det heter midlertidige forhøyelser av visse tollsatser, mener jeg at Stortinget må gå til å vedta dette i dag - ikke minst på grunn av - som finansministeren sa - det diskresjonsbrudd som er skjedd, som sikkert gjorde et meget dypt inntrykk på Stortinget. Når jeg vil være med på at vi skal fremme denne sak i dag, er det under forutsetning av at saken hurtigst mulig kommer tilbake til Stortinget til ny veining. Jeg tror det er riktig å gjøre det. Jeg vil frarå at saken blir utsatt.

Leirfall: Eg vil berre streka under at det diskresjonsbrotet som har skjett, ikkje kjem seg frå finansnemnda eller nokon av stortingsmedlemene, så vidt det er opplyst. Men jamvel om dette har komi og gjort stoda vanskelegare for oss her i kveld, er det likevel eit faktum at denne proposisjonen kom så seint at tilrådinga ikkje kunne ha komi inn for Stortinget på ei slik tid at føresegna i reglementet kunne ha vori fylgd, dersom saka i det heile skulle handsamast i nemnda og ikkje berre refererast og setjast ein stempel på. Det er klårt at etter reglementet er det ikkje høve til å handsama saka her i kveld utan at tinget gjer vedtak om det. Det må i alle tilfelle skje fyrst, og eg går ut frå at jamvel om tinget gjer eit slikt vedtak, er det høve til å ta opp eit utsetjingsframlegg under handsaminga seinare i kveld.

Lavik: Eg var ein av dei som fekk saki for seint. Eg fekk ho om lag kl. 7 i går, og eg har hatt liti tid til å setja meg inn i denne saki. Eg har berre blada igjennom denne tilrådingi som ligg føre. Eg meinte difor det hadde vori rett å setja ut denne saki. Eg ser at det også er dissensar i denne tilrådingi, og det gjer òg sitt til at det var rett å setja ut saki. Eg meiner at gruppene burde òg hatt tid til å drøfta ein slik ting. Men etter di her er gjort diskresjonsbrot, slik som finansministeren opplyste, og finansministeren finn at denne saki må fremjast no, at det er såpass viktige ting som står på spel - og eg reknar også med at finansministeren har heile Riksstyret attom seg - vil eg seia at for meg legg denne stoda seg såleis til rette at eg kan vera med å fremja saki no. Reglementet gjev høve til det i visse tilfelle på dei vilkår som har vore nemnde - også på *det* vilkåret at dette kjem att til Stortinget så snart som råd er. Men det er leitt at det ligg såleis til rette at me ikkje har hatt den tidi som me skulle til å sjå på desse ting.

Presidenten: Presidenten vil for så vidt beklage at denne innstilling må behandles når den ikke har ligget ute i den reglementsmessige tid, og presidenten vil som sin oppfatning si like ut, at det bør ikke bli alminnelig regel. Tvert imot, man bør være varsom med ikke å sette seg ut over reglementets forutsetninger i så måte. Det er imidlertid

presidentens oppfatning at saken *kan* behandles, men den kan ikke behandles uten at Stortinget med lovlig flertall har besluttet at den skal behandles i kveld.

Derfor akter presidenten å stille forslag om det, på bakgrunn av den noe ekstraordinære situasjon som er oppstått ved det diskresjonsbrudd som har funnet sted. Diskresjonsbruddet har vært til behandling i presidentskapet, og det er sikkert, som en taler sa, at det ikke skyldes noen lekkasje fra stortingsmennene. Efter presidentskapets mening bør departementene på sett og vis forsøke i slike tilfelle å få greie på hvor lekkasjen er foregått.

Presidenten vil altså på grunn av den ekstraordinære situasjon som er oppstått, foreslå at Stortinget går til realitetsbehandling av denne sak i kveld.

Vatnaland: Eg skjønar dei grunnar som har vori haldne fram for at denne saka må handsamast i kveld, og eg skal difor ikkje ta opp noko framlegg mot det framlegget som presidenten no har komi med. Men eg vil likevel, på same måten som presidenten gjorde det, ta atterhald om at hendingar av dette slaget bør vi ikkje få fleire gonger.

Statsråden brukte uttrykket «foreløpig vedtak». Eg har spurt han kva han legg i det, og eg skjønar at det var eit uttrykk som han eigenleg ikkje legg noko anna i enn at dette er eit vedtak om mellombels tollsatsar. For, som eg også gjorde statsråden merksam på, vi kan ikkje her gjera «foreløpige vedtak», det må bli eit endeleg vedtak om mellombels tollsatsar.

Eg går ut frå, når saka ligg slik til som ho gjer her, og truleg blir fremja, at det blir gjort all mogleg framgang med å få saka tilbake til Stortinget, at alle då står fritt, og at vedtaket om tollsatsane bare blir mellombels.

Presidenten: Der voteres nå over presidentens forslag om at saken blir å behandle her i kveld.

V o t e r i n g:

Presidentens forslag ble enstemmig bifalt.

Leirfall: Eg har som medlem av finansnemnda vorti nøydd til å dissentera i denne saka, og jamvel om eg helst ikkje ville ha teki opp tida for Stortinget no på fallreipet, må eg likevel få lov til å grunngje dissensen min litt nærare.

Proposisjonen går ut på ei auking av tollsatsane over det heile med 100 %. Unnatekne er tekstilvarer og nokre andre varesorter der ein i samband med overgang frå vekttoll til verdetoll har auka tollvernet sterkt. Vidare er unnatekne ein del varer som er opprekna og der tollen blir som før. Dei fleste av dei satsane som er unnatekne - men

ikkje alle, - mellom anna er ull ikkje bunden - er bundne ved avtalar og kan ikkje aukast.

Departementet fordoblar tollsatsane med den motivering at prisnivået har gått opp - eller ein kunne likeså gjerne seia at pengeverdet har gått ned - og at tollsatsane difor ligg relativt lågare no enn føre krigen. Dette er sjølvsagt tilfellet, og det gjer ein auke av ymse vernetollsatsar rimeleg og naudsynleg. Og dersom ein går ut frå som ein sjølvsagt ting at vernetollsatsane våre i prosent av vareverdet skal liggja på same nivå som føre krigen, ville det heller ikkje vera noko å seia på at ein auka alle tollsatsar i samsvar med auken i prisnivået. Men slik kan ein etter mi meining ikkje argumentera. Vernetollsatsane våre frå føre krigen var sette fast ut frå det synspunktet at den produksjon som ein den gongen fann det nasjonaløkonomisk rett å halda oppe eller å stimulera, skulle få det vernet han trong for å driva på rasjonell basis.

Høgda på tollvernet i det heile føre krigen var bestemt av dei konkurransetilhøva som ein *den gong* hadde, og mellomkrigsåra var, som vi veit, merkte av ein internasjonal overproduksjon i relasjon til etterspørsla. Det var internasjonale avsetnadsvanskar og billege tilbod for å bli kvitt dei overskota som ikkje kunne avsetjast i produksjonslanda, delvis tilbod til dumpingprisar, og det var konkurranse frå underbetalt oversjøisk arbeidskraft. No er situasjonen heilt annleis. Det er stort sett ein internasjonal varemangel, prisane er på ein konjunkturtopp, og jamnt over er ikkje trongen til tollvern relativt like stor som før krigen. Tek ein for seg dei einskilde produksjonar og ser på dei kvar for seg, så har trongen til tollvern skift meir eller mindre etter som styrken av konkurransen frå utlandet har skift ulikt, og ettersom verksemdene her heime har kunna auka si konkurranseevne ved modernisering og rasjonalisering. Det kan godt henda at ein produksjon som føre krigen hadde vanskeleg for å klara seg med eit relativt høgt tollvern, i dag er fullt tevleføre i konkurransen på utlandet. Eg trur ikkje fleirtalet vil vera usamd med meg i desse synspunkta.

Men då vil ein òg ved å gje det same tolltillegget over heile lina heilt opplagt koma til å gje sume bransjar høgare tollvern enn dei treng i dag, og dette vil igjen føra til ei uturvande auking av det innanlandske prisnivået og levekostnadsindeksen. Andre bransjar derimot, der tilhøva har skift i ei anna lei, kan gjennom ein slik eins auke i tollsatsane over det heile, få for lite.

Så kjem det inn som eg nemnde i stad. Vernetollen vår er gradert og fastsett etter omsynet til den produksjonen som ein i mellomkrigsåra fann grunn til å stimulera. Vi veit at den gongen var det overskot av arbeidskraft, vi var glade for kvart tiltak som kunne koma i gang, fordi det skaffa arbeid. Om vara var naudsynleg eller ikkje, om det var ei luksusvare, spela ikkje så stor rolle. Ja, ein kan vel seia at i mellomkrigsåra var det lettare å få tollvern for luksusfarga

produksjon, for di dette ikkje verka så sterkt inn på prisnivået for livsviktige varer. Eg trur det kan seiast at mange slike meir luksusfarga produkt, fekk eit relativt høgare tollvern føre krigen av den grunnen. I dag er det mangel på arbeidskraft. Omsynet til å halda oppe ei verksemd berre med den grunngjeving at ho skaffar arbeid, er ikkje lenger til stades. Tvert imot har det vorti ei oppgåve å føra over arbeidskraft frå mindre viktig produksjon, og vi er også samde om at ymse produksjonar må reduserast under liberaliseringa av handelen, som vi no er oppe i, og under den internasjonale arbeidsdelinga, som vi sjølve har teki konsekvensen av gjennom å prioritera vår eigen eksportindustri og la heimeproduksjonen få lågare prioritet.

Ved å gje det same tollvernet over det heile vil vi risikera at mindre viktig produksjon og produksjon som det ikkje er den same grunn til å hjelpa fram no som det var føre krigen, får det relativt største tollvernet, den største lønsemda og blir dei sterkaste konkurrentar både når det gjeld arbeidskraft og investeringar, og det har vel ikkje vori meininga.

Ut frå det eg no har sagt, meiner eg at denne måten, som det er teki på her i proposisjonen, å fordobla dei fleste satsane heilt automatisk, er heilt forkasteleg - jamvel som ei førebels ordning.

Tekstiltollen er, som sagt, halden utafor det prosentvise tillegget. Ein har i staden gått over til verdetoll og samstundes auka tollen heller sterkt. I fyrstninga var eg i nemnda av den meining at her var det òg ein reell tollauke som låg på line med det 100-%-tillegget, som vi hadde fått elles. Men etter kvart har eg fått eit anna syn på det. Kor stor denne aukinga av tekstiltollen er, gjev proposisjonen inga opplysning om, absolutt inga. Vi har heller ikkje kunna få lagt fram slike opplysningar i nemnda på den tida vi har hatt til rådvelde for oss. Men etter stikkprøver som eg har freista å ta - eg kan ikkje garantera at eg har komi til det rette resultatet, men eg har haldi meg til dei verde og dei innførsletala som ein finn i statistikken over vareomsetnaden med utlandet - er det her ikkje berre tale om fordobling, det er for mange varer tredobling, firedobling og femdobling, ja enno meir. Eg har freista å koma fram til eit resultat etter innførslestatistikken, og finn då at ullgarn, for å ta eit døme, som før hadde ein toll på ei krone, no vil koma opp i fem kroner. Bomullsgarn vil gå opp frå 20 øre til om lag kr. 1.20 osb. For ei vare som ullstrømper vil tollen gå opp til det femdoble, frå omlag 4 kroner for kvar kilo til 20 kroner. Etter prisnivået i dag for ullty til det firedoble osb.

Det er, som sagt, inga opplysning i proposisjonen om kor stor den reelle tollauken blir. Det nemnest berre at departementet sjølv har vori i tvil om det ikkje har gått for langt. Det ligg heller ikkje føre rekneskapar og kalkylar som kan tena nemnda når ho skal vurdera om auken er heilt

naudsynleg. Sikkert er det i alle fall at tekstilindustrien etter dette får eit tollvern som ligg langt over det han hadde føre krigen, jamvel om ein tek nedgangen i pengeverdet med i vurderinga. Og dei likningsresultata som eg har sett frå ein del verksemder i tekstilbransjen, har ikkje overtydd meg om at det er naudsynt å gå så høgt. Eg torer ikkje påstå det, men eg trur at tekstilindustrien etter desse tollaukingane vil koma til å stå i ei serstode når det gjeld tollvern her i landet. Eg veit ikkje kor store dei reduksjonane er som departementet har gjort i framlegga frå produsentane; men eg har grunn til å tru at dei ikkje er så svært store - og om dei framlegga som produsentane har komi med, er det altså at omsetnadsledene i bransjen hevdar at dei er for høge, og at det var grunn til monalege reduksjonar.

Eg meiner at når det gjeld å auka prisane på naudsynte varer, slike som klær, ved tollpålegg, så bør det visast den største varsemd. Eg trur ikkje at stoda for tekstilindustrien, endå med den liberalisering av handelen som vi står oppe i, er så prekær at det av den grunn ikkje kunne ha vori prøva ei utsetjing og ei betre førebuing av saka. Det viser seg i alle fall at store verksemder i bransjen som i år etter år føre krigen ikkje hadde noko overskot, no i likningsresultata viser overskot på millionsummar.

Vi har heller ikkje i nemnda fått noko overslag over kor mykje desse tollpålegga vil auka indeksen med, heller ikkje kor store summar dei vil føra inn i statskassa. Stutt sagt: eg torer påstå at når nemnda har kunna leggja fram ei tilråding med den tid vi har hatt, så er det med tilsidesetjing av alle omsyn til ei forsvarleg sakshandsaming.

Det er sagt at satsane skal vera førebels, og eg går ut ifrå, etter dei utsegner som har komi her, at det vil bli gjort framgang med å leggja fram eit betre grunngjevi program for tollbrigda. Men likevel, det er noko som heiter at bordet fangar, og har vi fyrst fått ein tollsats gjort gjeldande, så er det verre å få han ned på eit rimeleg nivå, dersom det skulle visa seg at han er for høg, når han no eingong har vorti sanksjonert av Stortinget. Vi står ikkje reelt, jamvel om vi formelt gjer det, så fritt som vi burde. Vi bør vera merksame på at med det at vi no får desse tollsatsane - rett nok vedtekne førebels - har det lett for å bli slik at dei bransjane som med dette tykkjer at dei blir mishandla, at dei har fått for lite i høve til andre, blir stimulerte til å koma med krav om auke ut over dei satsane som no kjem på papiret. Vi har også den vansken at nokre av tollsatsane er bundne, og det kan då ved desse aukene bli eit mishøve mellom lønsemda og konkurranseevna til dei som ikkje får auke og desse som no får ein auke.

Partiet mitt har fleire gonger, og konsekvent når det er ordskifta om dei økonomiske spørsmål her i Stortinget, hevda at kapplaupet mellom prisar og løner må avgrensast eller stoppast, elles vil det innanlandske kostnadsnivået koma så

høgt at vi vil få vanskar med å konkurrera med utlandet under ei liberalisering av handelen. Når Regjeringa no ser seg nøydd til å gå til eit tiltak som dette, er det eit prov for at den økonomiske politikken som er ført, har ført til det resultat som vi forutså. Tollauken kjem for å verna vårt oppdrivne kostnadsnivå. Det er det som er årsaka til at vi må gå til dette. Og det er nokså symptomatisk at dette kjem samstundes med at det vert gjevi nye lønstillegg og nye priskompensasjonar. Og tollauken i seg sjølv vil atter føra til ny prisstigning, ny indeksoppgang, nye lønskrav og nye kompensasjonskrav. Det heile blir ein led i den inflasjonistiske politikken som har vori ført, med automatisk nedgang i pengeverdet som eit uavviseleg resultat. Og hertil kjem så det som eg har peika på i dissensen min, at tollaukene vil gjera det vanskelegare å løysa jamstellingsproblemet.

Ut ifrå den lina som bondepartiet har ført i den økonomiske politikken, har eg difor funni det konsekvent å ta opp framlegg om at St.prp. nr. 170 ikkje blir handsama av dette stortinget, og om at Regjeringa ved ein tilleggsproposisjon eller på annan måte gjev ei utgreiing for at dei ymse aukingane er naudsynte, og om den verknad dei venteleg vil få for levekostnadsindeksen. Eg skal seinare få lov til å leggja fram framlegget mitt skriftleg.

Eg vil til slutt streka under at ei medverkande årsak til at eg set fram dette framlegget, er den måten saka har vorti handsama på, og som har gjort det omogleg for nemnda å skaffa seg dei opplysningar som krevjast for å ta eit sakleg standpunkt.

I dissensen min har eg teki atterhald om at dersom eit slik framlegg som eg no har sett fram, skulle falla, vil eg ta opp framlegg om auking av tollen på ull. Eg vil spørja presidenten om eg skal motivera det no eller koma tilbake til det under handsaminga av II. Eg hadde tenkt meg at om vi samla debatten om det spesielle spørsmål der, ville ikkje debatten koma ut på så mange felt no førebels.

Hognestad: Jeg skal ikke ta opp noen lang debatt på grunnlag av den dissens som hr. Leirfall har lagt fram. Grunngivingen fra hr. Leirfall kunne jo reise et veldig problem, han har jo reist hele jamstillingsproblemet. Det har vi hatt oppe i så mange høve. En liten forpostfektning hadde vi under huder og skinn. Etter nyttår får vi det, når vi får innstillingen fra jamstillingskomiteen lagt fram. Jeg tror ikke dette er noe grunnlag å ta en jamstillingsdebatt på.

Det er rett at dette har gått nokså fort, både i departementet og i det utvalg som departementet satte ned. Det avgav sin innstilling den 26. november i år, og den 30te fremmet departementet proposisjonen. Vi fikk den straks etter, ikke trykt men levert underhånden med en hel masse utrykte vedlegg. Jeg mener at årsaken til at denne sak har presset seg fram, og med disse korte frister, det er den

utenlandske betalingssituasjon, sett i sammenheng med frilisteordningen. Jeg mener at det under hensyntagen til frilisteordningen vil være uforsvarlig overfor den norske tekstil- og konfeksjonsindustri å utvide frilisteordningen slik som det er tenkt, uten å gå til en tollforhøyelse. Det er grunnlaget, og slik som situasjonen lå an, mener jeg det ikke er noen grunn til å rette bebreidelse hverken mot utvalget eller departementet. Utvalget måtte handle så raskt som mulig, og departementet har stort sett bygd på utvalgets innstilling, så jeg tror ikke det er rett å rette noen kritikk hverken mot utvalget eller mot departementet for at de ikke har kunnet komme med denne sak før. Som hr. Leirfall også sa, kom det i en avis, og det kom i Kringkastingen at det skulle skje en tollforhøyelse. Jeg går ut fra at Finansdepartementet vil forsøke om mulig å sette tollsatsene i kraft før den 1. januar, som var tenkt. Jeg tror ikke det er riktig å vente så lenge nå etter det som er skjedd.

Disse vekttollsatsene skriver seg fra før krigen, og når en kjenner til hvorledes prisnivået er steget, må man være klar over at om vi legger på 100 pst., er den effektive toll på disse varer, den effektive beskyttelse, i virkeligheten betydelig lavere enn før krigen. En kan selvsagt diskutere satsene for disse tekstilvarer og andre varer som det er ført inn verditoll på. Jeg mener at stort sett har departementet truffet det riktige. Jeg vil imidlertid henstille til departementet, når det til våren legger fram et endelig og mer gjennomarbeidet utkast, at det da tar opp spørsmålet om betydelig lavere toll på visse billigvarer, standardvarer. Dette gjelder både ull og bomull. Jeg har hatt en konferanse med produsentene, og jeg forstår at produsentene er villige til å søke å finne fram til en slik ordning. Jeg tror at den ordning vil være til fordel både for produsenter og for konsumenter. Det har ikke vært for å styrke statens finanser disse forhøyelser ble gjort. Det har sikkert ikke vært hensikten. Formålet er ikke å skaffe økte inntekter til statskassen. Det tror jeg finansministeren vil gjøre rede for.

Vi har tatt et sterkt forbehold, og departementet har også tatt et sterkt forbehold, at når det igjen reviderer det som her foreslås, vil det ikke bare kunne revidere de nye satsene, men også de verditollsatsene som det nå blir på tekstil- og andre varer. Det er klart at en generell vekttollforhøyelse vil virke nokså lite hensiktsmessig. En del varer behøver ikke noen forhøyelse, og for andre varer vil det ha veldig liten betydning om de legger på en enkelt vare som har en ubetydelig toll, et par øre på hver kilo, så det blir f.eks. en forhøyelse fra 2 til 4 øre pr. kilo, likesom de tommestokkene som hr. Røiseland var inne på i vår. En forhøyelse på 100 pst. på tommestokkene er i virkeligheten ikke noen forhøyelse av betydning som vernetoll.

Departementet vil jo se på alle disse ting, så jeg synes ikke det er noen grunn for å reise noen større debatt. Med det forbehold som er tatt, mener jeg at det ikke er grunn til

å rette noen kritikk mot departementet og heller ikke mot utvalget, som har arbeidet under et veldig press. De har gjort et ypperlig arbeid. Departementet mente at det, slik som betalingssituasjonen var, hadde plikt til å fremme denne sak før Stortinget gikk fra hverandre. Jeg skal innskrenke meg til disse merknader. Jeg mener det var saklig grunn for Stortinget til å fravike reglementet, og det er saklig grunn til å følge departementet og gå til disse forhøyelser, som skal tas opp til revisjon igjen til våren.

Haavardstad (formann for nemnda): Av den tilrådinga som ligg føre, går det fram at det er eit fleirtal og eit mindretal i finans- og tollnemnda i denne saka. Fleirtalet er alle med unnatak av hr. Leirfall. Hr. Leirfall har komi med si sertilråding, og i denne sertilrådinga si kjem han inn på ikkje just alt mellom himmel og jord, men ei mengd med sidespørsmål som fleirtalet i nemnda meiner kan drøftast betre ved andre høve. Eg skal ikkje koma inn på desse spørsmåla.

Det var berre eit punkt som eg tenkte det var rimeleg å ta opp no. Det gjeld det utsetjingsframlegget som hr. Leirfall kom med, og grunngjevinga hans for dette utsetjingsframlegget. Han seier i tilrådinga at mindretalet vil streka under «at komitéen ikke har fått tilstrekkelig tid til å behandle denne sak på en tilfredsstillende måte». Eg skal vedgå at på ein måte kan hr. Leirfall ha noko rett i det at nemnda ikkje har hatt så serleg lang tid på seg til å handsama denne saka. Eg må vedgå at vi måtte handla raskt. Ein av dei siste dagane i november ringde statsråd Bratteli opp og bad om å få eit møte med finansnemnda, då han gjerne ville leggja fram for nemnda ei sak som det hasta med, og som han gjerne ville få avgjort føre jul. Møtet vart haldi den 1. desember kl. 9 om morgonen for di Stortinget skulle ha møte kl. 10. I dette møtet i nemnda la statsråden fram denne saka, og vi fekk då også ei orientering om kvifor det hasta så med å få henne fram. Han streka også under at det var om å gjera at det kunne bli levert tilråding så snart at Stortinget kunne drøfta saka før vi gjekk frå kvarandre føre jul.

Nemnda fann då at det var så sterke grunnar for å fremja denne saka at vi fekk ta fatt på arbeidet. Hr. Hognestad som har seti i mange år i finans- og tollnemnda og har vori ordførar for tollsakene i lange tider, og som også hadde hatt atskillig med førebuinga av denne saka å gjera, vart vald til ordførar, og han tok på seg dette arbeidet trass i at han samstundes var ordførar for saka om utbyggingsplanane for Nord-Noreg. Han lova at tilrådinga skulle bli såpass tidleg ferdig at ho kunne bli drøft føre jul, og den 11. desember vart tilrådinga inngjeven.

Eit fleirtal i nemnda, alle utan hr. Leirfall, har funni å kunna gå med på proposisjonen og kjem i tilrådinga med si grunngjeving, som eg viser til. Ellers viser eg òg til den utgreiinga som ordføraren kom med i denne saka. Mindretalet

har, som før nemnt, komi med sine merknader og har grunngjevi utsetjingsframlegget sitt.

Om enn nemnda har hatt litt stutt tid på seg, er likevel saka arbeidd med heller grundig på førehand. Alt tidleg i vår sette Finansdepartementet ned eit interdepartementalt utval som fekk i oppdrag å gje tilråding til Finansdepartementet om det i den noverande situasjon eller i den næraste framtid kunne bli haldi for føremålstenleg å gå til ei ålmenn høgding av varetollsatsane, eventuelt i samband med overgang til verdetoll. Medlemene av dette utvalet er nemnde i proposisjonen på side 2, og eg viser dit. Dette utvalet hadde så ei rekkje med møte frametter sumaren, der dei problema som står i samband med denne saka, vart drøfte, og den 26. november kom utvalet med si tilråding. Dette utvalet er etter den kjennskap eg har til personane, eit sers sakkunnig utval. Dei fleste av medlemene er menn som i ei lang årrekkje har vori med å drøfta toll- og handelsproblem, økonomiske problem i det heile, og fleire av dei har også vori representantar for vårt land når desse spørsmåla var oppe til internasjonale drøftingar. Den tilrådinga som dette utvalet har komi med, er det derfor all grunn til å leggja stor vekt på. I denne tilrådinga er det fyrst gjevi ein karakteristikk over den tolltariffen som vi no har, og utvidinga av denne fram gjennom åra. Under denne delen av tilrådinga er det også nemnt at det tollsystemet vi har no, alt føre krigen var foraldra og helst burde gjennomgå ein kraftig revisjon. Utvalet tek også opp til vurdering dei fylgjer som ein eventuell tollauke kan ha på det handelspolitiske området. Det drøfter også dei fiskale verknadene og prisverknadene som ein tollauke kan ha. Men etter at utvalet har vurdert desse mange spørsmåla, dei føremoner og dei ulemper som heng saman med å auka tollsatsane, kjem det likevel til den konklusjonen som står i proposisjonen på side 2 og i tilrådinga på side 1. Eg viser til dette for å spara tid og sleppa å sitera. Finansdepartementet er i det store og heile samd i framlegget frå utvalet, og har i proposisjonen gjort nærare greie for sitt syn. I samband med dette synet er det då Finansdepartementet kjem med sitt framlegg. Departementet er sjølv klår over at det er mange omsyn som spelar inn ved ei sak som denne, og at det ofte er eit skjøn som må brukast når ein skal setja dei ymse satsane. Men samstundes seier også departementet at det er departementet si meining snarast mogleg over nyåret å setja ned eit nytt sakkunnig utval som skal ta seg av desse tollsakene og av ei eventuell vidare revidering av tolltariffane i det heile.

Som statsråden just nemnde, var det om å gjera at denne saka kunne handsamast fort. Eg skal vedgå at då ho kom opp i nemnda, var det mange spørsmål som vi stod tvilande til. Nemnda bad difor statsråden og tolldirektøren om å koma ned i nemnda slik at medlemene sjølve kunne koma med spørsmål om det som dei var i tvil om. Statsråden og tolldirektøren var der, og spørsmåla vart sette fram. Inntrykket mitt var at

dei fleste som hadde eit eller anna på hjartet, fekk dei svara dei ynskte. Resultatet var at alle parti, utanom bondepartiet, gjekk med på framlegget i den tilrådinga som her ligg føre.

Når det står eit så sterkt fleirtal bak denne tilrådinga, eit fleirtal som har funni at slik som stoda er, er det forsvarleg å koma med denne tilrådinga når ein tek omsyn til dei mange ting som står i samband med dette, vil eg for min part rå frå at det framlegget som hr. Leirfall kom med om utsetjing, må verta vedteki.

